

TIME

KYRKJELYD DIÅKONIPLAN ÅR 2022-2024



Definisjon

"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd."

Visjon

Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.

Mål

Mål for diakonien er delt inn i dei fire hovudpunktta **nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.**

Lokale mål: Vi ønskjer at Time kyrkjelyd er eit fellesskap som

- vil fremja diakonien som ein sentral og førande del av kyrkjelydsarbeidet
- inkluderer (ønskjer deg velkommen uansett kor i livet du er)
- er ein stad å vere i både glede og sorg og når livet opplevast vanskeleg
- møter menneske med varme og respekt
- formidlar Jesu kjærleik gjennom forkynning og praktisk diakonalt arbeid
- har engasjement for menneske

Innleiing:

Planen for diakonal verksemd tek utgangspunkt i Kyrkjerådet sin Plan for diakoni i Den norske kyrkja frå 2007. Målet er å konkretisera dei overordna tankane og strategiane i planen. Denne lokale diakoniplanen er gjennomarbeidd av diakon, diakoniutval og sokneråd, og vedteken første gong på soknerådet sitt årsmøte i 2009. Planen er sendt til Fellesrådet som informasjonssak og skal evaluerast og oppdaterast annakvart år. Dette blei gjort i 2011, 2013, 2015, 2017, 2020 og 2022. Neste evaluering er våren 2024

VERKSEMDOMRÅDE

Nestekjærleik



Hovudmål: 1. Den lokale kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid som er retta mot lokale utfordringar.
2. Kyrkje og kyrkjelyd inspirerer til eit liv i nestekjærleik.

1. Sorgarbeid / arbeid for etterlatne

Tiltak	MÅL	Ansvar	Tid/Stad
Sorggrupper for vaksne etterlatne (samarbeid, Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Sorggruppeleiarar og diakon	Kontinuerleg og ved behov
Sorggrupper for barn (samarbeid, SeMeg – barn som pårørende og diakon)	Å sjå og å støtta barn og ungdom som er pårørende. Gi tryggleik til barn og ungdom som opplever utfordrande livssituasjonar og hjelpe dei gjennom prosessen	Diakon, SeMeg, tilsette, og frivillige	Kvar onsdag og ved behov Jærregionen - Egersund til Klepp
Kontakt med menneske i sorg via brev, telefon og besök	Gi tilbod om besök, samtale og sorggruppe	Diakon	Kontinuerleg
Sorggruppeleiarar	Dela erfaringar. Rettleiing og debriefing	Diakon	Fortløpende i prosessen og etter kvar sorggruppe med leiarar frå Time er avslutta.
Minnegudsteneste m/ opplesing av namn	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Time diakoniutval, diakon og organist	Kvar andre sundag i januar i Time kyrkje
Open kyrkje i samband med Allehelgensdag i Time kyrkje	Gi støtte ved besök av gravene, bearbeiding av sorg, formidle det kristne håpet	Time diakoniutval, diakon	Iaurdag før Allehelgensdag i Time kyrkje
Temakveld om sorg (samarbeid med Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av reaksjoner	Diakon	Ca ein gong i året, staden varierer mellom Sandnes og Jæren prosti
Samtalegrupper ved samlivsbrot	Gi støtte og bearbeiding av reaksjonar	Diakon	Kontinuerleg og ved behov

2. Arbeid for eldre

Tiltak	MÅL	Ansvar	Tid/Stad
Åremålsbesøk, besøk til dei som fyller 80, 90, 95 og 100 år	Besøk med bokhelsing til alle medlemmar i kyrkjelyden som fyller rundt tal.	Diakon og diakoniutval	Kontinuerleg
Arrangera vårfest for alle over 60	Gi eldre høve til å koma saman til fest i regi av kyrkja	Diakoniutval og diakon	Ein sundag på våren Annakvarter år Undheim kyrkje og Lye forsamlingshus

3. Besøksteneste

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Oppsøkjande verksemd, besøk i heimar	Imøtekomma ønske om kontakt og samtale	Diakon, frivillige	Etter avtale med den enkelte
Dele ut brosjyrer- skriftlig informasjon	Dela ut informasjon om besøkstjeneste.	Diakon, diakoniutval	Etter avtale med den einskilde Brosjyrer er å finne i kyrkja
Soknebod	Gi nattverd i heimen til sjuke og dei som ikkje kjem seg til gudstenestene	Prest eller diakon	Etter avtale med den einskilde

4. Bønearbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Tilby forbøn i Gudsteneste	Be for dei som ønsker Forbønn	Frivillig, forbønnsteam, sokneråd	I gudsteneste
Tilby bøn med salving av sjuke	Be for, og salve sjuke som ønsker det	Diakon	I heimen til den sjuke eller i kyrkja, etter avtale med den einskilde
Tenestegruppe, bøn	Bønnefelleskap og bøn for meldte behov	Frivillige	annakvar veke i private heimar
Bønekrukke og bønepostkasse i kyrkja	Gje menneske ein moglegheit for å melda bønebehov	Diakoniutval og dagleg leiar	I gudsteneste i Time Oppstart hausten 2022

5."Kirkens SOS"

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Informasjonsspreiing, utplassere kort, plakatar og oppslag	Gjera tilbodet kjend slik at folk får høve til å bruke det	Diakon, sokneråd og Helgedagredaksjonen	Kontinuerleg, kunngjeringar og Helgedagen
Rekruttering av fleire medarbeidarar	Få fleire menneske frå Time engasjerte i Kirkens SOS sitt arbeide	Sokneråd og diakon	Kontinuerleg og særleg ved nye medarbeidarkurs som Kirkens SOS arrangerer

6.Krisearbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Beredskapsarbeid, medlem av kommunalt kriseteam	Gi støtte til dei som vert ramma av kriser	Diakon og prest	Ved behov meldt frå kriseteamet sin leiar og kommunelegen.
Open kyrkje ved større ulykker o.a. regionalt eller lokalt	Gi støtte i krisesituasjonar ved at dei som treng det har ein plass å koma til ved kriser	Prest	Bryne kyrkje, Time kyrkje, Undheim kapell, Lye fors.hus ved behov

Inkluderande fellesskap



Hovudmål: 1.Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.
2. Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrke fellesskap og nettverk, generelt lokalsamfunnet.

1. Menneske med utviklingshemming

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sundagstreff	Skapa sosialt og andeleg fellesskap og gi kyrkjetilhøyring	Frivillige i Sundagstreff-komiteen og diakon	Ein sundag i månaden i Bryne kyrkje og sommaravslutning med grillfest i Time kyrkje
Formiddagsgudsteneste med Bankers og sundagstreff	Inkludera menneske med utviklingshemming i gudstenestefellesskapet i kyrkja	Frivillige i Sundagstreff-komiteen, diakon og prest	Ein formiddags-gudsteneste tredje kvart semester i Bryne kyrkje

Gudstenesteverkstad	Førebu deltagarane og øve på innslag til formiddaggsgudstenesta	Frivillige i Sundagstreff-komiteen, diakon og prest	Ein ettermiddag i forkant av gudstenesta
Påskebesøk på Bryne vgs, avd for kvardagslivstrenings	Møta elevane med påskebodskapet.	Diakon	I veka før påske, etter avtale med skulen. I kyrkja eller på skulen.
Gi sundagstreff deltagarane tilbod om oppgåver i vanlege gudstenester	Inkludering i kyrkjelydsfellesskapet	Diakon	Fortløpende i Bryne

2. Andaktar og gudstenester på institusjonar

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sivdammen velferdssenter	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon, frivillige og prest	Ein torsdag i mnd.
Sivdamheimen	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon, frivillige og prest	Ein onsdag i mnd
Frøyland omsorgssenter	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon, frivillige, prest og samarbeid med Frøyland og Orstad kyrkje	Ein onsdag i månaden
Bryneheimen	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon, frivillige og prest. Organist ved nattverd	Annankvar torsdag, Nattverd ein gong i mnd.

3. Innvandrararbeid

Tiltak	Mål	Tiltak	Tid/Stad
Skapa individuelle relasjoner til innvandrarar busett i kommunen	Inkludere menneske med fleirkulturell bakgrunn i kyrkjelydane sitt fellesskap og arbeid	Frivillige i kyrkjelyden	Kontinuerleg
Innvandartreff	Inkludera menneske med fleirkulturell bakgrunn i kyrkjelydane sitt fellesskap og arbeid og skape relasjoner.	Frivillige frå kyrkjelydane, Diakon.	Kvar tysdag Kl 19-21 i Bryne kyrkje

4. Fellesskapsbyggjande arbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Smågrupper - Ha eit tilbod om smågruppe	Gi fellesskap gjennom smågrupper til alle som ønskjer det	sokneråd	Kontinuerleg
Kyrkjeskyss	Hjelpe dei som ikkje sjølv klarer å kome til kyrkja	Frivillige, sokneråd	Kontinuerleg
Arrangere medarbeidarfest/samling	Gi oppmuntring og inspirasjon til dei som er frivillige i kyrkjelyden	Stab og sokneråd	1 gong annakvart år i Time, Lye
Ta imot folk som kjem til kyrkja	Gje både nye og faste kyrkjegjengrar ei oppleveling av å bli godt mottekte i kyrkja	Frivillige og stab	Kontinuerleg
Fredagsmiddag (Billig middag for alle)	Gi høve til å bli kjent med andre menneske i kyrkjelyden	Frivillige	4x i året Lye forsamlingshus
Diakoniens dag	Lyfte opp diakonien i gudstenesta	Diakon, prest, og diakoniutval	Ein sundag pr. år eller ved behov
Strikkekafé	Fellesskap	Frivillige	5x i året
Mannsgruppe «Moskus»	Fellesskap, sosiale turar/aktivitetar	Frivillige	Kontinuerleg
Lykkelen småbarnstreff	Fellesskap for foreldre og små barn	Frivillige	Annan kvar veke Lye forsamlingshus

Vern om skaparverket



Hovudmål:

1. *Kyrkje og kyrkjelyd arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det.*
2. *Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.*

1. Vera Grøn kyrkjelyd

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Bevisstgjøring og holdningsskapande arbeid	Påverka folk sine levevanar og haldningar i forhold til miljøspørsmål	Stab og sokneråd	Kontinuerleg
Tilby retreat på Utstein Pilgrimsgard	Lyfta opp retreatarbeidet og Inspirera til å delta på retreat	Sokneråd, prest og diakon	Kontinuerleg
Påskevandring i Time kyrkjegård - plakatar Tilrettelagd for familien	Gå ut med evangeliet på litt annleis måte slik at fleire får møte kristen tru. Bruk ute miljø og natur	Dagleg leiar	I påskehøgtida

Kampen for rettferd



Hovudmål: 1. Kyrkje og kyrkjelyd engasjerer seg i rettferdig fordeling av ressursane i verda.
2. Kyrkje og kyrkjelyd står opp for menneske som får krenkt menneskeverdet sitt.

1. Fasteaksjonen

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/stad
Utlegging og bruk av fasteaksjonsmateriell	Spreie kunnskap om tema for Fasteaksjonen	Kateket, diakon	Kvart år i fastetida.
TV-aksjonen	Støtter opp om diakonale tiltak i samfunnet / samle inn pengar til prosjektet	Diakoniutval, diakon og frivillige	Kvart år i oktober på TV-aksjons dagen
Delta i innsamlingsaksjonen	Samle inn pengar til fasteaksjonen	Kateket, diakon, konfirmantar med foreldre, og frivillige	Kvart år, tysdag før Palmesundag.

2. Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	Gi støtte til misjonsprosjektet og spreie engasjement omkring misjon	Sokneråd	Kontinuerlig
Hausakkfest i samarbeid med bygdekinnelaget	Støtte til bygdekinnelaget jordbruksprosjekt	Sokneråd	Ved fordeling av offer
Ofringer til organisasjoner som driv misjon/humanitært arbeid	Gi støtte til humanitære organisasjoner gjennom å samle inn pengar	Soknerådet	Ved fordeling av offer

3. Omsorg for medmenneske som har det vanskeleg

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Cafe William tilbyr mat og samtale: - Mat utdeling - Samtale med diakon	Gje oppmuntring og inspirasjon til dei som har det vanskeleg psykisk og økonomisk Forebygge rus	Diakon, Frivillige Frelsesarmeens	Torsdagar frå 12:00 – 14:00
Markering av rusfriday	Tydelegare vårt arbeid Cafe'William	Frelses armeen, diakon og frivillige	1x pr. år veksle mellom Bryne Og Undheim?
Ungdomskveld: Undheim og Time Tilby Samtale for Ungdom/Ung Voksen (Lag borsyre/annonse om dette)	Gjær diakonien kjent blant ungdommar, Tilby samtale (Diakon) Å være til stede for Ungdom/Ung voksen som trenger å ha nåen å snakke med. (dem som slitar med eks Identitet. Personleg relasjoner, sorg osv.	Frivillige Ungdomsarbeidaren (Diakon)	Time og Undheim Diakon tilgjengeleg for samtale Annenkvar Laurdag)

- **Diakoniplanen er evaluert og revidert av diakon og diakoniutvalet**
- **Planen er godkjend av soknerådet våren 2022**
- **Planen er oversendt til fellesrådet juni 2022**

Tidpunkt for ny evaluering: Våren 2024.